




## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Pb. 7900  
5020 BERGEN



Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:  
Kaisa Tonheim Banne - 55516273

Vår referanse:  
2013/107500-006

Dykkar referanse:  
201307174

Vår dato:  
03.01.2014

### Infotavler ved vegstenging - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Statens vegvesen viser til oversendingsforslag sendt 31. oktober 2013 frå samferdselsutvalet angående infotavler ved vegstenging. Samferdselsutvalet etterlyste status for infotavler og alternativ som kan sikre betre informasjon.

Statens vegvesen Region vest har dei siste åra bygd ut nettverket av elektroniske informasjonstavler, der Vegtrafikksentralen kan leggje inn fritekstmeldingar til trafikantane. Vi har i dag 15 slike fritekststavler i Hordaland. I tillegg styrer Vegtrafikksentralen i Region vest tre fritekststavler som er plassert utanfor fylket, men som vert brukt til å informere trafikantane om køyretilhøve og hendingar på høg fjellsvegane inn mot Hordaland og Sogn og Fjordane. Disse tre er plassert på **Gol**, **Hønefoss** og på **Geilo**. I Hordaland har vi slike tavler plassert følgjande stadar:

- **Trengereid** i retning Ev-16 Voss og Fv-7 Tysse/Kvam
- **Voss** i retning Ev-16 Trengereid
- **Vasstun** i retning Rv-13 Odda
- **Knarvik** i retning Ev-39 Opedal fergekai og Fv-57 i retning Lindås/Radøy.
- Fv-540 **Løvestakktunnelen** i retning Bergen sentrum, Rv-555
- **Storavatn** i retning sentrum
- Ev-16 **Arna** ved utløpet av Arnanipatunnelen i retning mot Arna (vert óg brukt ved hendingar mellom Arna og Nesttun)
- Ev-39 **Vågsbotn** i retning Bergen sentrum (for tida demontert pga. anleggsarbeid i området)
- Ev-39 **Øyjorden** i retning Bergen sentrum
- Ev-39 **Kloppedalsmyra** mellom Hop og Nesttun i retning Nesttun
- Rv-580 **Sørås** i retning mot Bergen sentrum
- Fv-557 **Birkelandskrysset** i retning Knappetunnelen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

På **Halhjem fergekai** og **Sandvikvåg fergekai** kan vi nytte friteksttavlene som informerer om neste fergeavgang. Her formidler vi også informasjon om vegstengingar. Då vekslar teksten på desse to tavlene mellom info om neste ferjeavgang og vegmeldingane.


Siste tavla er sett opp i **Granvin**, og vert testa no.

Vi har planar om ei rekke nye friteksttavler, både i Hordaland og i resten av regionen. Budsjetta for vegavdelingane framover vil avgjere kor mange nye vi klarer å sette opp (dei kostar ca 400 000 per stk.).

Vegavdeling Sogn og Fjordane kjøpte i fjor inn seks mobile skiltvogner og tre skrivarar for produksjon av tekst til desse skiltvognene. Desse vognene skal brukast i heile fylket, på tvers av driftskontraktane. Dei skal opererast av byggherren, og ikkje av entreprenør. Målet er at vi med eit slikt oppsett raskare skal kunne produsere skilttekst etter «skreddarsaum»-prinsippet. Må vi bestille slike skilt eksternt, tar dette tid, som vi gjerne ikkje har når noko plutselig skjer på vegnettet vårt. Dersom erfaringane med dette oppsettet i Sogn og Fjordane viser seg å vere så positive som det vi håpar på, vil vi utvide bruken av denne typen oppsett til dei to andre fylka, og vurdere å legge inn krav om slikt utstyr i malen for driftskontraktane.

I tillegg til dei meldingane som vert formidla ut til trafikantane via friteksttavler og andre skilt som Statens vegvesen og entreprenørane styrer, har Vegtrafikksentralen gode system og rutinar for formidling av vêr- og trafikkmeldingar til radio og presse. Vi meiner difor at vi langt på veg har dei verktøya vi treng for å kunne gi rask og rett informasjon til trafikantane ved både planlagde og ikkje-planlagde hendingar på veg. Utfordringa framover vil vere å sikre at alle involverte – både internt i Statens vegvesen og hos entreprenørane våre – nyttar dei verktøya vi faktisk har, raskt og effektivt når det er viktig å få informasjon raskt ut til trafikantane.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

  
Olav Finne  
Avdelingsdirektør

  
Kaisa Tonheim Banne